

VEDTEKTER FOR FOLKEHØGSKOLEFORBUNDET

Vedtatt på landsmøtet på Agder folkehøgskole 19.3.2013

Med endringar vedtatt på landsmøtet på Voss folkehøgskule 2.6.2015

Med endringar vedtatt landsmøtet på Elverum folkehøgskole 31.5.2017

Med endringar vedtatt på landsmøtet på Skogn folkehøgskole 28.5.2019

Med endringar vedtatt på landsmøtet på Sogndal folkehøgskule 1.6.2023

§ 1 Namn: Folkehøgskoleforbundet

§ 2 Føremål

- 2.1 Folkehøgskoleforbundet er idé-, interesse og fagorganisasjon for norsk folkehøgskole.
- 2.2 Folkehøgskoleforbundet skal ta i vare medlemmene sine interesser når det gjeld lønns- og arbeidsforhold.
- 2.3 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for dei idéar den frilynte folkehøgskolen byggjer på og fremje folkehøgskolen sin innverknad og plass i det norske samfunnet.
- 2.4 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for gode og tenelege rammevilkår for norsk folkehøgskole.
- 2.5 Folkehøgskoleforbundet skal drive studie-, utviklings- og opplysningsverksemd.

§ 3 Medlemsskap

- 3.1 Folkehøgskoleforbundet har fire former for medlemskap: vanleg medlem, student/stipendiatmedlem, pensjonistmedlem og støttemedlem. Vanleg medlem har fulle rettar i organisasjonen.
- 3.2 Rett til vanleg medlemskap har alle som arbeider i eller har permisjon frå stilling i folkehøgskolen. Disse kan berre ha vanleg medlemskap.
- 3.3 Styret kan etter særskilt søknad innvilge medlemskap for andre.
- 3.4 Rett til støttemedlemskap har elles alle som ønskjer å arbeide for dei idéar Folkehøgskoleforbundet byggjer på.

§ 4 Inn- og utmelding

- 4.1 Inn- og utmelding skjer skriftleg til Folkehøgskoleforbundets sekretariat.
- 4.2 Den lokale tillitsvalte har ansvar for at lokallagslister med endringar vert sendt sekretariatet.

§ 5 Kontingent

- 5.1 Landsmøtet fastset kontingenten og utrekningsgrunnlaget samt rammene for bruken av kontingenten.

§ 6 Organisasjonsstruktur

- 6.1 Folkehøgskoleforbundet har følgjande vedtaksledd:

Arbeidsplass/landsomfattande lokallag:

Lokallaget
Styret i lokallaget
Lokal tillitsvalt

Landsplan:

Landsmøtet
Forbundsstyret
Sekretariat med generalsekretær står for det daglege arbeidet i
Folkehøgskoleforbundet

§ 7 Lokallaget

- 7.1 Medlemmer ved den enkelte folkehøgskolen utgjør eit lokallag i Folkehøgskoleforbundet. I tillegg utgjør rektorar, tilsette i sekretariatet og pensjonistar eigne lokallag. Verksemda i lokallaga følgjer retningslinjer som blir gitt av forbundsstyret og vedtak fatta av landsmøtet.
- 7.2 Er det minst 2 medlemmer i laget, skal det veljast leiar og kasserar. Desse utgjør styret i lokallaget. Tel lokallaget fleire medlemmer, kan talet på styremedlemmer utvidast til maksimalt fire. Samansettinga av styret bør spegle medlemsgruppa.
- 7.3 Lokallagsmøte skal haldast når ein medlem krev det.
- 7.4 Støttemedlemmer knytt til ein skole kan møte i lokallaget utan stemmerett.
- 7.5 Årsmøtet i lokallaga skal haldast i god tid før landsmøtet. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/4 av medlemmene krev det.
- 7.6 Rektormedlemmer tek og del i lokallaget ved eigen skole, unntatt i saker som omhandlar førebuing til møter etter medbestemmelsesdelen i hovudavtalane.

§ 8 Landsmøtet

- 8.1 Landsmøtet er det høgste organet i Folkehøgskoleforbundet og skal haldast kvart andre år innan utgangen av juni.
- 8.2 Landsmøtet er sett saman av delegatar vald av lokallaga og forbundsstyret med vararepresentantar, til saman maksimalt 60 delegatar etter følgjande ordning:
 - Kvart lokallag melder på representantar i prioritert rekkefølge innan frist satt av styret.
 - Desse har krav på full dekning av reise- og opphaldsutgifter etter rimelegaste alternativ:
 - Første innstilte frå alle lokallaga
 - Styret med vararepresentantar
 - Dernest andre innstilte frå lokallaga, etter fallande medlemstal til det maksimalt er 60 delegatar
 - Dersom det framleis er ledige plasser, tredje innstilte frå lokallaga etter fallande medlemstal og så frametter til det er maksimalt 60 delegatar
 - Resultatet meldes lokallaga utan opphald.
- 8.3 Alle andre medlemmer i Folkehøgskoleforbundet kan likevel møte på landsmøtet med tale- og forslagsrett.
- 8.4 Forbundsstyret legg fram årsmelding, rekneskap og budsjett til godkjenning på landsmøtet. Styret har ikkje stemmerett i desse sakene. Rekneskapen skal vera godkjent av statsautorisert/registrert revisor.
- 8.5 Landsmøtet vel forbundsstyret og dei ombod som landsmøtet vedtar skal veljast av landsmøtet. Landsmøtet skal godkjenne forbundsstyret sitt val av revisor. Landsmøtet vel valnemnd.
- 8.6 Saker som skal opp på landsmøtet må meldast seinast 2 månader i forvegen. Framlegg om endring av vedtektene må meldast seinast 4 månader i forvegen.
- 8.7 Forbundsstyret kan gje vidare retningslinjer for gjennomføringa av landsmøtet. Landsmøtet kan gjera endringar i desse.

§ 9 Ekstraordinært landsmøte

- 9.1 Det skal kallast inn til ekstraordinært landsmøte når 1/6 av medlemmene krev det, eller når forbundsstyret finn det nødvendig.
- 9.2 Ekstraordinært landsmøte skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Sakliste skal følgje innkallinga.
- 9.3 Ekstraordinært landsmøte kan ikkje behandle eller avgjera andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

§ 10 Forbundsstyret

- 10.1 Forbundsstyret skal leie verksemda i Folkehøgskoleforbundet mellom landsmøta og førebu landsmøtesakene.
- 10.2 Forbundsstyret har 5 medlemmer valt av landsmøtet blant dei vanlege medlemmene. Kvart kjønn skal vera representert med minst 2 medlemmer.
- 10.3 Landsmøtet vel leiar ved særskilt val. Val skal vere skriftelege dersom det er fleire forslag til leiar, styremedlemmer eller varamedlemmer. Styret vel nestleiar seg imellom.
- 10.4 Landsmøtet vel 3 nummererte varamedlemmer til styret. Varamedlemmane møter til vanleg i styret, men utan røyserett.
- 10.5 Generalsekretær er forbundsstyrets sekretær.
- 10.6 Leiar og styremedlemmer med varamedlemmer blir valde for 2 år om gongen.
- 10.7 Forbundsstyret kan gje vidare retningslinjer for valnemnda. Landsmøtet kan gjere endringar i desse.

§ 11 Sekretariatet

- 11.1 Sekretariatet utfører under ansvaret til forbundsstyret det daglege arbeidet i Folkehøgskoleforbundet. Sekretariatet skal ha ein generalsekretær.
- 11.2 Forbundsstyret tilset generalsekretær.

§ 12 Endring av vedtektene

- 12.1 Endring av vedtektene kan berre vedtakast av ordinært landsmøte.
- 12.2 Framlegg til endring av vedtektene må vera forbundsstyret i hende 4 månader før landsmøtet. Framlegg skal så raskt som råd sendast lokallaga.
- 12.3 Endring av vedtektene må ha 2/3 fleirtal på landsmøtet.

§ 13 Oppløysing

- 13.1 Framlegg om oppløysing av Folkehøgskoleforbundet må vera framsett minst 6 månader før ordinært landsmøte og skal så raskt som mogleg sendast ut til lokallaga.
- 13.2 Vedtak om oppløysing kan gjerast av landsmøtet med 2/3 fleirtal.
- 13.3 Dersom oppløysing blir vedtatt, skal det same landsmøtet avgjera korleis midlane til Folkehøgskoleforbundet skal disponerast.
- 13.4 For framlegg til samanslåing av Folkehøgskoleforbundet med andre organisasjonar gjeld også reglane i punkta 13.1 og 13.2.

Retningslinjer for lokallaga

(Kan heilt eller modifisert vedtakast av det enkelte lokallag)

1. Lokallagsmøte blir halde minst to gonger kvart halvår, og elles når det er behov for det.
2. Saker til lokallagsmøte bør meldast i rimeleg tid.
3. Innkalling til lokallagsmøte bør skje skriftleg.
4. Sakliste skal følgje innkallinga.
Saklista skal m.a. innehalde:
 - godkjenning av dagsorden
 - godkjenning av protokoll frå siste møte
 - innkomne skriv, m.a, frå Folkehøgskoleforbundet sentralt
5. Viktige saker for lokallaget er t.d.:
 - tilsettingsvilkår
 - arbeidsforhold
 - lokale godtgjeringar og avtalar om slike
 - idémessige spørsmål
 - pedagogiske spørsmål
 - rekruttering
6. Det skal førast referat/protokoll frå møta.
7. Det skal haldast årsmøte kvart år.
8. Saker som skal behandlast på årsmøtet:
 - årsmelding
 - val av styre med minst leiar og nestleiar. Det bør veljast ein varatillitsvalt.
 - tilmeldte saker
9. Lokallaget vel delegat til landsmøtet.
10. Funksjonstida for styret er normalt eitt år.
11. Lokallagsleiar er tillitsvalt etter Hovudavtalen i Virke eller KS.

Retningslinjer for Rektorlaget

(Kan heilt eller modifisert vedtakast av Rektorlaget)

1. Lokallagsmøte blir halde i samband med Lederforum (årsmøte) og rektormøtet kvart år og elles når det er behov for det.
2. Leiar og generalsekretær inviterast normalt til møta i laget og elles til møte i lokallagstyret etter behov.
3. Saker til lokallagsmøte bør meldast i rimeleg tid.
4. Innkalling til lokallagsmøte bør skje skriftleg. Sakliste skal følgje innkallinga. Saklista skal m.a. innehalde:
 - godkjenning av dagsorden
 - godkjenning av protokoll frå siste møte
 - innkomne skriv, m.a. frå Folkehøgskoleforbundet sentralt
5. Viktige saker for lokallaget er t.d.:
 - rektor som arbeidstakar
 - skolepolitiske saker
 - leiarspørsmål
 - idémessige spørsmål
 - pedagogiske spørsmål
 - rekruttering av medlemmer
6. Det skal førast referat/protokoll frå møta.
7. Årsmøte haldast i samband med Lederforum. Saker som skal behandlast på årsmøtet:
 - årsmelding
 - val av styre med minst leiar og nestleiar . Det bør veljast ein varatillitsvalt.
 - tilmeldte saker
8. Funksjonstida for styret er normalt to år.
9. Lokallagsleiar er tillitsvalt etter Hovudavtalen i Virke eller KS.
10. Som medlem av styret i Rektorlaget er ein tillitsvald i Folkehøgskoleforbundet. Skolen kan krevja refundering av evt. bruk av vikarar for møtetid i styret. Folkehøgskoleforbundet dekker nødvendige ekstraavgifter til reise- og opphald i samband med møte i styret.